**«Prestene forteller» er en rikt illustrert bok om kirkelivet i Norge i perioden 1750-1850. På den tiden måtte alle til kirke, og det var her alle de viktigste ritualene i menneskets liv fant sted – dåp, konfirmasjon, vielse og begravelse.**

TEKST: MAGNE FONN HAFSKOR

Forfatter av boken er Gina Dahl, som har vært ansatt som universitetsbibliotekar ved Universitetsbiblioteket i Bergens Spesialsamlinger siden 2020. Fra 2012-2020 arbeidet hun ved Statsarkivet i Bergen, der en del av jobben handlet om å skrive av kirkebøker.

– Gjennom dette arbeidet lærte jeg mye om hvordan kristenlivet i Norge egentlig var, sier hun, og forteller at boken har blitt til over en årrekke.

«Prestene forteller» handler om kirkelivet i perioden 1750-1850, og tar utgangspunkt i at kirken var sentrum i datidens tilværelse. Alle måtte til kirke, og det var her alle de viktigste ritualene i menneskets liv fant sted – dåp, konfirmasjon, vielse og begravelse.
Det var også her at lover og regler ble lest opp, samt informasjon om det som hendte utenfor sognet.

– At kirken var viktig ser vi blant annet ved at det var her primærvalgene til Eidsvollsforsamlingen i 1814 ble avholdt, forteller hun.

– Dessuten så var kirkerommet og kirkebakken sognets viktigste samlingssted; ingen andre steder fikk så mange mennesker møtt hverandre og snakket sammen.

## Prestenes rolle

Boken viser også hvor viktig presten var i samfunnet. Prestene var nemlig de som holdt rede på både fattigvesen og skolevesen, samt lønninger og kirkegods. Dessuten så var det prestene som gjorde rede for næringsveier, sykdommer og antallet dødfødsler innenfor et kirkesogn. Prestene førte også befolkningslistene som lå til grunn for å beregne folketallet og militærinnrulleringen.



***SOGNEBARN PÅ HJEMVEIEN:** Kirkeveien kunne være lang for mange, og overnatting både før og etter gudstjenesten hørte gjerne med. (Illustrasjon: Maleri av Adolph Tidemand hentet fra boken Norske Folkelivsbilleder, 1854).*

## Fakta

### Gina Dahl (f. 1969)

- Gina Dahl (født 1969) er religionshistoriker og førstebibliotekar ved Universitetsbiblioteket i Bergen.
- Hun disputerte med en avhandling om geistliges boksamlinger 1650-1750, og har senere skrevet en rekke bøker og fagartikler innenfor tema som bok- og kristendomshistorie.
- Hennes nye bok, «Prestene forteller» (Kapabel forlag, 2023), viser kirkens viktighet som samfunnsinstitusjon gjennom århundrer. Her ble sognebarna døpt og konfirmert, og senere også viet og begravet.
- Prestenes egne opptegnelser i kirkebøker, innrapporteringer og brev viser at prestestandens arbeidshverdag langt på vei var preget av fleksibilitet.
- Kildene som brukes i boken, for eksempel kirkebøker, rapporter og brev, brukes sjelden i denne typen fremstillinger. Boken er derfor med på å løfte frem deler av en kulturarv som vi i dag har liten kjennskap til.



*Gina Dahl (foto: Magne Fonn Hafskor)*




*Bokens omslag viser utsnitt fra «En Brudevielse» av Knut Bergslien (1827-1908)*

Det som skjedde i og rundt kirkerommet får vi vite nettopp gjennom de kildene som prestene etterlot seg, deriblant kirkebøkene. Leser man disse, får man vite mye om hva som skjedde både i kirken og i menigheten.

– Gjennom kildene får vi også vite at kirkelivet var svært så mangfoldig. Lov og virkelighet gikk ikke alltid hånd i hånd. Prestene tilpasset gjerne praksis til realitetene, sier hun.

– For eksempel var det en regel at det skulle lyses i kirken over tre søndager før et par kunne gifte seg. I de kirkene som presten sjelden besøkte, var dette imidlertid ikke mulig å få til. Dermed så kunne man bli gift i løpet av tre dager i stedet. I Trysil, for eksempel, kunne det bli lyst for et par to ganger en fredag, dersom dette var bededag, og påfølgende søndag ble både tredjegangslysingen og vielsen utført.

## Varierende konfirmasjonspraksis

Det samme kunne også gjelde konfirmasjonspraksiser. Det er vanlig å tenke at det var Erik Pontoppidans (1698-1764) katekismeforklaring som gjaldt i konfirmasjonsundervisningen.

– Men går vi til prestenes konfirmasjonslister, så var det ikke slik. Basisen ser her ut til å ha vært Luthers Lille katekisme, og at det kun var de som var «viderekomne» som fikk fortsette med Pontoppidan.

– Dessuten vektla mange av prestene konfirmantenes livsførsel like sterkt som boklig lærdom. Minst like viktig var altså et «godt sinnelag» – dette pekte nemlig på at kristendommen var tilegnet i hjertet og noe man levde etter.

Flere prester tilrettela også for hjemmekonfirmasjon. Unge som var syke eller manglet språk fikk for eksempel konfirmere seg hjemme. Her var det konfirmantens sinnelag og ønsket deres om å tilhøre «Guds hjord» som var viktigst.

## Et merkelig bispevalg

Det er lett å tenke at det er de beste bispekandidatene som alltid blir valgt frem. Går vi til kildene, ser vi at det ikke nødvendigvis var tilfelle. Dette gjelder blant annet valget av Frederik Arentz (1702-1779) som biskop over Bergen stift.

– For Arentz' del så startet historien nettopp ved at Erik Pontoppidan ble valgt til biskop i Bergen i 1747, forteller Dahl.

Men Pontoppidan mistrivdes i Bergen. Her var mye korrupsjon, og dessuten svært mye krangling prestene imellom. Da han attpåtil ble beskyldt for å være far til et uekte barn, returnerte biskopen til København og så seg aldri tilbake.

Den som tok over etter Pontoppidan var Ole Tidemand (1710-1778), et egentlig usannsynlig valg. Som ung mann hadde han nemlig gjort sogneprestens 13-årige datter gravid, og han var kjent for å være en kranglefant av de store.

– Det var likevel Tidemand som fikk jobben som biskop etter Pontoppidan, da han på det tidspunktet sto høyest i det geistlige hierarkiet i Bergen og en nødløsning måtte finnes.

Men også Tidemand ville vekk, og det fordi Pontoppidan hadde beholdt lønningen fra bispesetet da han forsvant. I mangel på penger ville også Tidemand vekk, og han presset



***MOTVILLIG BISKOP:*** *Frederik Arentz ble presset til Bergen mot sin vilje, og ønsket ikke å bli biskop. Bildet henger i Domkirken i Bergen. (Foto: Privat)*

sogneprest Fredrik Arentz i Askvoll til byen slik at han kunne overta bispesetet da Tidemand ble forflyttet til Kristiansand.

## Omsorg for byens fattigste

Arentz ble en god biskop, noe som ikke minst kommer frem gjennom hans omsorg for byens fattigste. Her kan vi avslutte med et utdrag fra kapitlet med tittelen «Frederik Arentz – den motvillige biskopen»:



***NYKIRKEN I BERGEN:*** *Kirken var det viktigste felles møtepunktet i datidens samfunn. Det er lett å forstå, også når vi ser hvordan byggene raget opp i samfunnet. (Foto: Knud Knudsen/Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen)*



**BRUDEFØLGE:** *Prestene klaget konstant over at brudefølget kom fulle til kirken, samt om bråk og uro under gudstjenestene. (Illustrasjon: Adolph Tidemands maleri «Et brudefølge» fra 1854, der følget ledsages av både klarinett og fele. Hentet fra boken Norske Folkelivsbilleder, 1854).*

*Som pietistisk-sinnet biskop, testamenterte Arentz 3000 riksdaler hvis renter skulle deles ut til fattige i Bergen bys tre menigheter (Domkirken, Korskirken og Nykirken – Mariakirken, den såkalte «tyskekirken», ble ikke regnet inn her).*

*I testamentet, datert den 4. januar 1779 og kalt «En Faders sidste Villie til sine Børn», uttalte Arentz at arvingene ved hans livsdagers slutt skulle utbetale dette «Kiærligheds-Offer» til fattige, men verdige, almisselemmer. Dette, skrev Arentz, gjorde han i «en ydmyg og evangelisk Aand, tvungen af Christi Kiærlighed og af lutter Taknemmeligheds Pligt og Skyldighed for saa meget got, Gud endog i det Timelige har giort imod mig, sin uværdige og unyttige Tiener».*

*Han tilsto dessuten at han eide langt mer enn det han behøvde til familiens underhold, selv om enkelte i familien fortsatt trengte hans økonomiske støtte – deriblant en syk datter.*

*Likevel, skrev Arentz videre, støttet alle barna hans avgjørelsen. Og dette var neppe løgn, for Arentz' svigerdatter Ingeborg Cathrine Nagel, gift med Frederik Arentz' sønn sorenskriveren Hans Arentz, testamenterte over 11 000 riksdaler til fattigstellet i forskjellige prestegjeld i Sunnfjord, mens datteren Edel Sophie Arentz testamenterte 500 riksdaler til Stranges Fattighus i Bergen.*








**MUNKEBOTTEN:** *Å sykle over Munkebotten er godt for sjela, her er stille og vakkert, og ein kan få med soloppgangen på veg til jobb.*

# Tankar frå eit sykkelsete

**Kor langt er det frå Landås til Salhus? Det er 30 minuttar med bil. Eller ein time med elsykkel. Det er fakta. Men det rare er at det ofte kjennest kortare å sykle enn å køyre. Korleis kan ein forklare det?**

TEKST OG FOTO: MAGNAR BØRNES, KANTOR I SALHUS KYRKJE

Eg er kantor i Salhus kyrkje og bur på Landås. Transporten min til jobb skjer altså enten med bil eller elsykkel. Når eg køyrer bil, køyrer eg gjennom fem tunnellar kvar veg. Det er vanskeleg å halda seg vaken, det er mørkt inne i tunnellane. Fløyfjellstunnellen er lang og går rett fram i lange minuttar. Det er kjedeleg.

Og så blir eg irritert av å køyre bil. For eksempel på dei som ligg i 70 på motorvegen, men hvis du prøver å køyre forbi dei, speedar dei opp i 90. Eller dei som køyrer forbi deg, for så å cruise inn rett framfor deg, og sakke farten ned til 70 km/t. Det viktige er å ligge først, ikkje kor fort det går. Slik blir ein jo kjent med den gamle Adam på veg til kyrkja både i seg sjølv og andre. Det kan jo ha noko for seg.

## EIN STASELEG FUGL

Men å sykle frå Landås til Salhus er meir oppbyggeleg. Eg syklar heile Fjellveien, der eg har panoramautsikt over byen til eg kjem langt ut i Sandviken. Då fer eg til fjells over Munkebotten. Der er det stilt, ikkje ein bil, ikkje eit hus, berre blåbær, furuskog og ender i stille vatn. Det stilnar litt inne i meg også då.

## Fakta

### Magnar Børnes (f. 1966)

- Oppvaksen på Stord og deretter Sotra.
- Familie: Gift med Kristin Heien, tre barn.
- Utdanning: Fem års musikkutdanning frå Griegakademiet og Bergen Lærarhøgskule, samt mellomfag i kristendom frå NLA Høgskulen,
- Jobb: Kantor i Salhus kyrkje sidan august 2020. Jobbar i tillegg frilans med foto og grafisk design.
- Er premiert i fotokonkurransar både i inn- og utland, og har hatt foto-reportasjar både i norske og internasjonale magasin og aviser.
- Meir informasjon/fleire bilete: Sjå magnarbrnes.smugmug.com, instagram.com/magnarbornes, magnarbornes.blogspot.com og Facebook-sida «Magnar Børnes foto».



***FOTOSAFARI FRÅ LANDÅS TIL SALHUS:*** *«Det rare er at det ofte kjennest kortare å sykle enn å køyre», skriv Magnar Børnes, som gjerne let bilen stå når han skal kome seg på jobb. (Foto: Helen Toppe)*

*Av lokale fotgjengarar har eg høyrt at hegren hadde ein kjærast ei stund og at dei stod saman ute på steinen. Men kjærasten døydde. No ventar eg og dei lokale på at hegren skal få seg ny kjærast.*

Vidare trakkar eg langs gamlevegen frå Eidsvåg til Tertnes. I Ervik spring det rett som det er ekorn over vegen. Her er Jokerbutikken, som har bollar, is og juleskum til halv pris.

Mot Tertnes syklar eg forbi eit lite vatn, Griggastemma. Der bur det ein staseleg fugl, ein hegre som står åleine på ein stein midt ute i vatnet. Av lokale fotgjengarar har eg høyrt at hegren hadde ein kjærast ei stund og at dei stod saman ute på steinen. Men kjærasten døydde. No ventar eg og dei lokale på at hegren skal få seg ny kjærast. Det har ikkje skjedd enno, men det kan skje når som helst.

Vidare mot Morvik passerer eg små vatn og elvar, hegren er av og til der også, eller kanskje det er ein annan hegre, eg seier ikkje meir.

## EIT FYRVERKERI AV FARGAR

Framover Morvikvegen får ein meir og meir utsikt mot sjøen, Askøy og Meland, ja heilt ut mot Herdla.



***EINSAM HEGRE:*** *Denne staselege hegren står stadig på steinen sin i Griggastemma på Tertnes når eg syklar forbi.*



***ÆRFUGL:*** *Om vinteren kjem stadig store flokkar av ærfugl forbi neset ved Salhus kyrkje.*



**HJORT:** *Ved Laberget dukkar hjorten stadig opp for å smake på dei fine slåtteengene, sjølv midt på dagen.*

*«Den som har hastverk, trår feil» seier kong Salomo. Han var ein veldig klok mann som levde for 3000 år sidan. «Han hadde eit poeng» tenkjer eg, der eg trakkar heimover gjennom Fjellveien.*

No nærmar me oss min favorittstrekning mellom Landås og Salhus: Laberget. Her spring hjorten rundt med eller utan kalv. Om ein vil kan ein setje sykkelen frå seg og gå gjennom ein vakker lund ned til sjøen. Der renn Mjølkeråen kvit og fin, og om våren blømer kvitveisen i liane saman med vårkål og engkarse. Kanskje fins det kusymre her også, den fins i alle fall på Toppe har eg høyrt.

Siste stopp er Ospeneset, der kyrkja ligg. Ei perle med sandstrand og nydeleg fjordutsikt. Her kjem flokkar av ærfugl innom om vinteren, og elles dukkar det opp svaner, skarv, stokkand og fiskender. Om hausten blir Ospeneset eit fyrverkeri av fargar. Raudt, gult, lilla, brunt, grønt.

«Den som har hastverk, trår feil» seier kong Salomo. Han var ein veldig klok mann som levde for 3000 år sidan. «Han hadde eit poeng» tenkjer eg, der eg trakkar heimover gjennom Fjellveien.



**VIKJA:** *Solnedgang i vika nedom kyrkja ein vinterdag.*








*GLAD I KORSONG*: Helle Leivestad Kartveit er med i damekor, pluss at ho er leiar for to barnekor i Alversund. (Foto: Silje Løvdal)

# Ny konfirmantleiar

**Vi har fått ny konfirmantleiar. Ho heiter Helle Leivestad Kartveit, er 47 år, gift og har tre born.**

TEKST: LINDA G. LUNGA

Dei siste åra har Helle Leivestad Kartveit jobba med konfirmantar i ulike kyrkjelydar. I tillegg jobbar ho 50 prosent i NMSU i region Bjørgvin (Hordaland og Sogn og Fjordane) i NMSU (Det Norske Misjonsselskaps borne- og ungdomsorganisasjon).

I NMSU jobbar ho mykje med leir for barn og unge, besøker kyrkjelydar, klubbar/lag og fortel om misjonsarbeidet dei gjer rundt i verda og kvifor det er viktig.

Ho er ellers veldig glad i å synge i kor, og er no med i damekor pluss at ho er leiar for to barnekor i Alversund. Ved sida av dette likar ho å sjå på sport og film, heie på Brann, gå på ski, pusle puslespel, og forming – spesielt sløyd!

BLINK HUS
Helge Rød as

VESTLANDSGRANITT AS
MESTER
GRAVMINNER
NAVNETILFØYING
OPPUSSING/OPPRETTING
Lag din egen utforming på våre nettsider
www.vestlandsgranitt.no

Kontaktperson Osterøy:
Jostein J. Revheim
Tlf: 997 73 714
414 34 488
EKH GRAFISK

Thunestvedt
En god kobling
Din lokale elektriker for små og store oppdrag
Osterøy: 56 19 39 00
Arna: 55 39 19 00
inst@thunestvedt.no
www.thunestvedt.no

YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86
Mob. 902 96 665

# Kyrkjevalet
## 2023

## Velkomen til å røyste i kyrkjevalet 2023!

### Digitalt og fysisk

Med dette vert det kunngjort tid og stad for val til Osterøy sokneråd og til Bjørgvin bispedømeråd / Kyrkjemøtet. Det skal veljast ti medlemer og fem varamedlemer til soknerådet, samt sju leke medlemer til bispedømmerådet / Kyrkjemøtet.

Les meir om kyrkjevalet på kyrkjevalet.no





**Førehandsrøysting**
Førehandsrøysting kan du gjere digitalt på kyrkjevalet.no i perioden 10. august til 6. september.

Fysisk førehandsrøysting går føre seg 13:00-15:00 måndagar, tysdagar og torsdagar på Osterøy kyrkjekontor (Lonevågen 5) i perioden 10.08.2023-05.09.2023

**Valdagen 11. september**

Her kan du røyste på valdagen:

- Knausatun (Olsnesvegen)
- Osterøy integrerings- og læringssenter (Haugo 70)
- Osterøyhallen (Geitaryggen 10)
- Fotlandsvåg skule (Osterøyvegen 2689)
- Haus skule (Votlavegen 54)
- Valestrand skule (Valestrandsvegen 338)

**Vallokala er opne frå 12:00 - 20:00.**

DEN NORSKE KYRKJA
Osterøy sokn

# Kandidatar til soknerådet



**1. Anne Cecilie Skeidsvoll, f. 1967, rektor, Gjerstad:** Eg er glad i kyrkja vår og likar å gå på gudsteneste. Kyrkja er viktig for mange menneske i alle livsfaser. Eg ønskjer at alle som kjem til kyrkja skal kjenna seg velkomne og ivaretatt. Her har soknerådet ei viktig oppgåve.



**2. Miriam Skjelvik Kalland, f. 1989, konsulent, Hamre:** Kyrkja for meg er ein plass der ein får eit fellesskap, uavhengig av kven du er. Det er ein trygg plass som du kan søkja uansett kva som ligg på hjarta, anten sorg eller glede. Kyrkja er for meg ro, tryggleik og nærleik til Gud. Eg brenn for barna sin plass i kyrkjefellesskapet og har lyst til å engasjere meg i barnearbeidet på Osterøy. Eg meiner at ved å gje tilbod til barn og unge, skaper ein eit fellesskap for heile familien i kyrkja. Eg ynskjer å fortsetja å støtte det viktige arbeidet som skjer på Osterøy og kanskje bidra til at det kan nå ut til enda fleire barn og unge på Osterøy.



**3. Bjarte Hammer Aarland, f. 1977, sjukepleiar, Fotlandsvåg:** Eg har på sett og vis vakse opp med og i kyrkja. Eg hugsar godt turane til sundagsskulen og tykte det var stas å byrje på ein skule før eg byrja på sjølve skulen. Konfirmasjonstida har eg berre gode minne frå, eg var blant dei fyrste TenSing-konfirmantane i Olsvik kirke. Det var sjølvsagt for meg å gifte seg i kyrkja, og heilt naturleg å døype borna. Så kyrkja har vore ein del av heile livet mitt. Eg kan bidra til kyrkja sitt oppdrag ved å vere med på kyrkja sine aktivitetar og arrangement. Fredagsklubb for ungdomar, KRIK for familiar og Tårnagent for borna – alt handlar om å gjere kyrkja og kyrkja si bodskap om Jesus som verdas Frelsar kjend for fleire.



**4. Evy Bysheim Pedersen, f. 1962, barnehagelærar, Haus:** Eg er glad i kyrkja, men er nok ikkje ein veldig aktiv kyrkjegjengar. Eg ynskjer meg ei open, levande og raus folkekyrkje som folk flest kan kjenne seg heime i, det skal vere plass til absolutt alle i kyrkja. Eg håpar at eg kan vere med å bidra til at ein klarar å invitere inn i kyrkja, engasjere og at kyrkja blir brukt til meir enn dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd.



**5. Magne Roald Vikne, f. 1954, driftsteknikar, Bruvik:** Mitt forhold til kyrkja er berre positivt. At eg trivest i kyrkja er lett å forstå då eg har vore kyrkjetenar i Bruvikkyrkja sidan slutten på forrige århundre! For at kyrkja skal få arbeida vidare med det gode arbeidet som vert gjort, treng me fleire frivillige medarbeidarar. Dette vert ei oppgåve for det nye sokneråd/fellesråd. Det er difor viktig at folk støttar opp om dei lokale kandidatane på lista, slik at da nye «råde» i fellesskap kan arbeida til det beste for kyrkjene og folka lokalt og på heile «Øynæ».



**6. Kari Vevle Reigstad, f. 1966, barnehagestyrar, Gjerstad:** Kyrkja er for meg ein stad å møte Gud gjennom ordet og musikken, ein stad for fellesskap og ettertanke, i glede og i sorg. I kyrkja møtes me på tvers av generasjonane, og alle er like velkomne. Eg vil prøve å delta så ofte som eg kan på gudstenestene i Osterøykyrkjene. Å møte opp og vere ein del av det som skjer i kyrkja er viktig for at gudstenesta skal vere eit levende fellesskap. Eg er tidvis kyrkjevert og medliturg i Gjerstad kyrkje. Eg har også vore medhjelper ved nokre trusopplæringstiltak. Desse oppgavene er svært givande og noko eg ynskjer å fortsetje med.



**7. Roar Moen, f. 1981, dagleg leiar, Hamre:** Kyrkja har for meg vore ein integrert del av mitt kvardagsliv og identitet heilt sidan dåpen. Ho har vore der i alle livets stunder og gjeve næring til og felleskap kring trua på Kristus som Herre og frelsar. Som kyrkjeleg tilsett og folkevald, friviljug og student har kyrkja vore ramma. Fyrst og fremst ved at eg har eit medvit knytt til oppdraget og vil halda dette fram. Kyrkjas oppdrag kan aldri verte til noko anna enn misjonsbodet; ved å forkynne evangeliet, i ord og gjerning, inkludere mennesker i kyrkjelydens felleskap og gje dei opplæring i Kristi lære. På dette grunnlaget er kyrkja konstituert og bygt. Skal me vere kyrkje, må dette leggje føringar for prioriteringar og ressursbruk med mål om at fleire skal kome til tru på Jesus Kristus, og ta i mot han som Herre og frelsar i sitt liv.

**8. Anne-Mari Nandika Tyssebotn Bardsley, f. 1975, sjukepleiar, Hosanger:** For meg er kyrkja ein bauta. Noko som er der i gleder og sorger. Den er bærar av kultur og fellesskap i generasjonar, ein stad der det skal vere plass til alle. Ved å tru på ein Gud som er kjærleg, raus og inkluderande Gud – og forsøke å vere det sjølv, sjølv om det ikkje alltid er like lett. Alle menneske er unike med forskjellig bakgrunn og erfaring. Dette ønsker eg kan få gjenspeilast i det kyrkjelege fellesskapet. Det er viktig for meg å møte menneske der dei er med respekt, omsorg og forståing. Livet byr på så mykje; både på godt og vondt, og alt dette vil eg det skal være høgde for og plass til i kyrkja og arbeidet som vert gjort der.



**9. Liv Rivenes, f. 1969, pedagogisk leiar, Haus**



**10. Kristin-Merete Nøttveit, f. 1957, pensjonist, Bruvik:** Kyrkja og det kyrkja står for er ein viktig del av kulturarven vår. For meg er det viktig at vi er ei folkekyrkje som er open og inkluderande. Kyrkja skal vere ein stad der alle kjenner at dei er velkomne. No når det blir eitt sokneråd for heile Osterøy, vert det og viktig at kvar kyrkje og sokn vert representerte i det nye soknerådet. Dersom eg blir del av det nye soknerådet, vil eg vere med og jobbe for at kyrkja skal vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande. Skal vi få dette til, må vi og jobbe for at kyrkja skal vere prega av openheit og toleranse, der omgrep som likeverd, deltaking og respekt for mangfald gjennomsyrar arbeidet.



**11. Atle Hammer, f. 1949, konsulent, Gjerstad:** Kyrkja har alltid betydd mykje for meg, og eg meinar det er viktig å ta vare på kyrkja vår. Kyrkja har gode høve til å forkynna Guds ord klårt og reint, slik som Bibelen seier. Som medlem av soknerådet blir det å ta del i det arbeidet som til ei kvar tid er i kyrkja.

**12. Britt Margun Rød, f. 1964, rektor, Hamre:** Kyrkja er ei viktig ramme omkring hendingar i familien. Eg har hatt fine kulturopplevingar i alle kyrkjene på Osterøy, og eg høyrer ein del på gudstenester på statskanalen. Eg likar visjonen for Den norske kyrkja: Meir himmel på jorda. Eg vert ein del av eit fellesskap der vi saman skal leggje til rette for at oppdraga vert realisert med denne visjonen som leiestjerne.

**13. Jan Roald Myking, f. 1944, pensjonist, Hosanger:** Kyrkja og bodskapen er ein viktig faktor i kvardag og høgtid. Ho gjev trøyst og styrke til trua i gode og vonde dagar, og gjev oppleving av felleskap. Eg er også oppteken av å ivareta kyrkjelege tradisjonar og kyrkja si rolle for positiv samfunnsutvikling gjennom kritisk og konstruktiv vurdering av korleis oppdraget vert utført no, og koma med innspel til endringar som kan bidra til positiv realisering av kyrkja sitt oppdrag.

**14. Mariann Aasheim, f. 1962, pensjonist, Haus**



**15. Otto Mo, f. 1955, pensjonist, Bruvik:** Eg har vore med i kyrkja sidan eg vart døypt. Det er viktig å lytte til bodskapen, og folk sine meiningar.



**16. Aud Rita Tveiten, f. 1954, pensjonist, Hamre:** Eg er døypt, konfirmert og gift i Hamrekyrkja. Kyrkja er ein viktig kulturberar og ein stad å finna ro og rom for ettertanke, både når livet smiler og når tap og sorg melder seg. Eg legg til grunn at kyrkja baserer seg på solidaritet, rettferd og respekt. Kyrkja må finna ein god balanse mellom tradisjonar og nye svar for å vera relevant for medlemane. Mitt bidrag til at kyrkja sitt oppdrag (i verda) vert realisert, er å bruka erfaringane, kunnskapen og kontaktane eg har frå politisk arbeid og frivillig sektor gjennom mandatet.



**17. Kari Foseid Aakre, f. 1952, pensjonist, Hosanger:** Kyrkja er ein viktig tradisjonsberer i det norske samfunnet. Dersom ein skal realisere kyrkja sitt oppdrag, er det nødvendig å sørge for ei open og inkluderande kyrkje/kyrkjelyd. Kyrkja må i stor grad speile samfunnet og utviklinga forøvrig. Mangfold er av det gode i alle miljø, så også i kyrkja.



**18. Linda Knutsen Hugnastad, f. 1980, SFO-leiar, Hosanger:** Eg har vel eit heilt alminneleg forhold til kyrkja, verken meir eller mindre. Eg kan bidra til å dra lasset i lag med dei andre. Eg er eit ja-menneske som er med på det eg kan bidra med.

DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

**Velkomen til gudsteneste!**

## 13. august
*11. sundag i treeiningstida - Matt 23,37-39*
**Gjerstad kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med dåp og nattverd ved Ida Greve.

## 20. august
*12. sundag i treeiningstida - Matt 6,24-34*
**Haus kyrkje kl. 11.00**: Avskjedsgudsteneste for Stein Hugo Fykse ved Leif Endre Grutle. Dåp og nattverd. Kyrkjekaffe i kyrkjelydshuset.

## 27. august
*13. sundag i treeiningstida - Matt 25, 14-30*
**Hamre kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon dåp og nattverd ved Ida Greve.

## 3. september
*Vingardsundag/14. s. i treeinigstida - Matt20,1-16*
**Bruvik kyrkje kl. 11.00**: Konfirmantpresentasjon ved Leif Endre Grutle.

## 10. september
*15. sundag i treeiningstida - Matt 5,38-48*
**Gjerstad kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Ida Greve.
**Hosanger kyrkje kl. 19.00**: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

## 17. september
*16. sundag i treeiningstida - Mark 7,31-37*
**Haus kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Ida Greve.

## 24. september
*17. sundag i treeingstida - Joh 11,17-29 og/ eller 30-46*
**Hamre kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste.

## 1. oktober
*18. sundag i treeiningstida - Matt 8,14-17*
**Gjerstad kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med dåp og utdeling av 4- årsbok.
**Haus kyrkje kl. 16.00**: Gudsteneste med utdeling av 4- årsbok.

## 8. oktober
*19. sundag i treeiningstida - Matt 5,20-26*
**Bruvik kl. 11.00**: Gudsteneste ved Astrid Marie Haugland.
**Hamre kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste.

## 15. oktober
*20. sundag i treeiningstida - Joh 11,1-5*
**Gjerstad kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med nattverd ved Astrid Marie Haugland.

## 22. oktober
*21. søndag i treeiningstida - Matt 22,15-22*
**Hosanger kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med utdeling av 4-årsbok.
**Hamre kyrkje kl. 16.00**: Gudsteneste med utdeling av 4-årsbok.

## 29. oktober
*Bots-og bønedag*
**Haus kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste.

## 5. november
*Allehelgensdag - Joh 6,37-40*
**Haus kyrkje kl. 11.00**: Minnegudsteneste.
**Gjerstad kyrkje kl. 19.00**: Minnegudsteneste.
**Hosanger kyrkje kl. 11.00**: Minnegudsteneste.
**Hamre kyrkje kl. 19.00**: Minnegudsteneste.

## 12. november
*24. søndag i treeiningstida - Joh 6,63-69*
**Hamre kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste.

## 19. november
*25. søndag i treeiningstida - Mark 2,1-12*
**Gjerstad kyrkje kl. 11.00**: Lys vaken-gudsteneste.

## 26. november
*Domssøndag/Kristi kongedag - Matt 25,31-46*
**Gjerstad kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste med nattverd.

# SLEKTERS GANG

## Vigde:
**Hamre**
27.05 Alfred Bernes og Merethe Bernes
27.05 Frode Mjelstad og Ragnhild Tufta
10.06 Stig Arve Larsen og Cecilie Crowo Alver Heldal
23.06 Andre Sandal og Therese Borgstein

**Bruvik**
03.06 Johannes Hekland og Kristina Haugjord
01.07 Bjørn Kallekleiv og Lilly Johanne Myking

**Gjerstad**
17.06 Geir Vevletveit og Kristine Audestad

## Døypte:
**Gjerstad**
04.06 Liam Bysheim
04.06 Henry Hartveit Hundhammer
25.06 Ulrik Seilen Gjerstad

**Hamre**
18.06 Birk Revheim
18.06 Filip Hagebø Valderhaug

**Haus**
02.07 Leah Sygnestveit Vatle
02.07 Maia Bjørge Skeim

## Gravlagte:
**Gjerstad**
06.06 Kjell Gunnar Teigland (f. 1957)
23.06 Trygve Hovden (f. 1929)
04.07 Bjørg Gjerstad (f. 1924)

**Hamre**
25.05 Ove Gaassand (f. 1960)
20.06 Atle Reidar (f. 1945)
05.07 Astrid Sandal (f. 1934)
06.07 Oddfinn Skår (f. 1936)
28.07 Nina Edvardsen (f. 1966)
03.08 Eldbjørg Mjelstad (f. 1934)

**Haus**
07.06 Astrid Øvremjelde
27.06 Lillian Ellinor Vatle (f. 1935)

**Hosanger**
02.06 Britt Lønning (f. 1933)
27.07 Arnbjørn Hanstveit (f. 1943)




Bunad og stakkastovo as

Ny bunad
Omsøm
Alt av tilbehør

Ring for avtale 56191800

Hodlebrautsvegen 18, Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen
www.bunadogstakkastovo.no